

# HELG OG HEIM

KYRKJELYDSBLAD FOR FØRDE, NAUSTDAL, HOLSEN OG HAUKEDALEN SOKN

NR. 1 PÅSKE 2025 83. ÅRGANG



*God påske!*



DEN NORSKE KYRKJA  
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

#### FØRDE KYRKJEKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde  
Tlf.: 57 82 81 80

www.kyrkja.no/sunnfjord  
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

#### OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 14.30

Prost: Knut Magne Nesse

Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen

Prest: Carsten Langeland

Diakon: Anita Øvreås Rusken

Driftsleiar: Ingvar Vagstad

Kyrkjeseekretær: Joy Taylor og Toril Øye

Økonomileiar: Trond Herløund

Kantor: Gro Gunnarson

Kateket: Heidi V. Styve

Kyrkjeværje: Sissel Vartdal

Kyrkjelydspedagog: Ute Lindner og

Gry Sætre

Prosjektleiar: Johanne Thingnes Leira

#### NAUSTDAL KYRKJEKONTOR

Bervellene 34,

Postadr.: Pb 90, 6806 6817 Naustdal

Tlf.: 57 82 81 80

sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

#### OPNINGSTID:

Tysdagar kl 9-15.

Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.

Sokneprest: Rigmor Frøyen

Prest: Fredrik Bråttvik

Kyrkjegardsarbeidar: Stig Ove Halbrend

Kyrkjeseekretær: Sigrun Solheim Savland

Kantor: Erlend Os

Kyrkjelydspedagog: Silje Sørebo

#### FØRDE KYRKJE

Kyrkjegardsarbeidar: Terje Sæle

#### HOLSEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Eline Styve

Reinhald: Jorunn Holsen

#### HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Bodil Øvsthus Frøysland

#### NAUSTDAL KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar: Sigrun S. Savland

#### VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar:

Mette-Elin Standal Sæther

#### FØRDE KYRKJETUN

Dagleg leiar: Ann Berit Steiro.

# Nytt frå redaksjonen

**Korsong** er populært i Sunnfjord, og fleire kor har fått auka oppslutning. Men kva er så tiltrekkjande med øving og pugging? Helg og Heim har besøkt fire av kora i Førde og Naustdal. Det som slo oss var kjensla av samhald, sjølv om det vart lite tid og rom for småprat. Vi så fellesskap, humor, skaparglede og sjølvsgagt ein dose frustrasjon. «Vi gløymer kvardagen og syng ut trua», vart det sagt. Kantor Gro Gunnarson seier i bladet: «Vi skapar magi saman, trass ulikt utgangspunkt». No går kyrkjekora i Naustdal og Førde saman om å øve inn Mozarts Requiem. Der kan du bli med!

**Takk til annonsørane!** Bladet er avhengig av annonsar, og i dette bladet er det nokre nye. Ta deg tid til å sjå på annon-

sane, og nytt verksemdene som støttar bladet!

Bladet kjem ut midt i fastetida, tida før påske. Få med deg «**Tid for tru**», temasamlingar i fastetida på rundgang i kyrkjene i Sunnfjord, sjå s. 13.

**Påsketid** er høgtid i kyrkja. Palmesøndag er det tradisjon å samlast frå alle sokna til felles familiegudsteneste i Naustdal kyrkje, og til påskeverkstad og kyrkjekaffi på Kyrkjelyds huset etterpå. Anbefalast!

Bli med og ta del i gudstenester og arrangement i påska!

## HELG OG HEIM

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er sokneråda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen. Bladet går til alle husstandar i tidlegare Førde og Naustdal kommunar.

#### Redaksjon:

Jenny Snildal, Annbjørg E. Hesselberg og Hanne Schnitler

Stoff og bilete kan sendast til:

- hanne.schnitler@eninvest.net
- jenny.snildal@gmail.com
- annbjorg.hesselberg@gmail.com

#### Grafisk utforming:

Firda Tidend Grafisk, Sandane

#### Trykk:

ETN Grafisk

#### Skal du flytte?

Du kan abonnere på Helg og Heim.

Kontakt Joy Taylor på Førde kyrkjekontor

**Frivillig bladkontingent**  
**Kr. 350,-**

#### Bankkonto:

**3705.15.33896**

Merk innbetaling med «Helg og Heim».

#### VIPPS:

Vippsnr. **591 431**

«Helg og Heim kyrkjelydsblad»



## Utgjevingsplan for 2025

Nr. 2. Stoffrist:	Nr. 3. Stoffrist:	Nr. 4. Stoffrist:	(Det kan komme
Onsdag 23. april	Onsdag 13. august	Onsdag 29. oktober	endringar.)
I posten veke 22	I posten veke 37	I posten veke 48	



**Framsdebilde:** Naustdal kyrkjekor syng i den vakre Sunnfjordkatedralen, Naustdal kyrkje. Foto: Annbjørg Eiksund Hesselberg



## TIL ETTERTANKE

HEIDI VOLTERSVIK STYVE,  
kateket

*«...og syng saman, med salmar og hymner og åndelege songar. Syng og spel av hjartet for Herren!»*

*Efesarane 5, 19*

Det hender at eg ser på musikkprogram på tv. Ein gjennomgangstone eg høyrer blant musikarane der er: «Eg har drive på med musikk så lenge eg kan hugse». Musikk er noko som følger dei fleste av oss gjennom heile livet. Mang ein forelder eller besteforelder har sete ved sengekanten til barnet sitt og sunge nattasongar. Mang ein tenåring har lytta til ein trist kjærleiksballade, medan dei har gråte over tapt kjærleik. Brudepar har sett kjærleg på kvarandre medan nokon har spilt deira song. Og mang ei tåre har falt i gravferd når songen den avdøde var så glad i blei spilt.

Det er forska på at å syngje i kor gir gode helsegevinstar som t.d. å dempe stress og angst, men det gjev og lindring mot smerte. Om ein syng, aktiverer hjernen dopamin og oxytocin som gir kjensla av lukke og velvære.


Eg tenkjer at musikk verkeleg er ei undervurdert gåve Gud har gitt til oss menneske. Det er ikkje slik at det berre er musikken i seg sjølv som pregar meg. Gjennom musik-

ken blir eg og prega av Gud. I Bibelen står det mange stader om song og musikk. Salmane i Det gamle testamentet er i ei særstilling. Der finn ein songar i alle livets fasar, og for alle livets kjensler. I Bibelen er det stor vekt på å tilbe Gud med (lov)song.

Når eg les dette verset frå brevet til efesarane, er det særleg ei salme i salmeboka vår eg tenkjer på. Det er opphavleg ei svensk salme, men den blei omsett til norsk same året som den blei laga: «Jeg vil gi deg O Herre min lovsang»

*«Ingen annen er verdig den sangen. Bare du, Herre, eier min sang, og i himlen skal lovsangen lyde til din ære en evighet lang.»*

Lat oss difor med stor frimod synge. Lat oss synge saman på gudstene, og i andre fellesskap, slik at vi kan la musikken røre kvarandre. Lat oss synge i kvardagen vår, slik at borna og barnebarna våre lærer tradisjonssongane våre. Lat oss synge slik at vi vert friskare og gladare. Og ikkje minst: Syng av hjartet for Herren!



*Prayer Book Hymn Worship - Free photo on Pixabay*

# Kyrkjekontor på flyttefot

## Endeleg!

Tekst og foto:

JENNY ØDVEN SNILDAL

I godt og vel eit år har Naustdal kyrkjekontor hatt midlertidig tilhaldsstad i det tidlegare bankbygget i sentrum. På nyåret var det slutt. For andre gong måtte dei pakke i kasser og sekker og flytte på seg. Men denne gongen til lokale der dei kan bli verande. No har dei fått kontor i det

som tidlegare har husa både tannlegekontor og helsestasjon. På sjølve flyttedagen var det mange gode hjelparar som stilte opp og flyttinga var unnagjort på nokre få timar.

Det står enno kassar som ikkje er pakka ut, men no har det inga hast. Rigmor prest og dei andre tilsette let vel over at dei har fått mykje betre plass med fleire kontor, kjøkken og møterom.



## Fornyng av misjonsavtale i Naustdal og Vevring

Kyrkjelydane i Vevring og Naustdal har fornya sine misjonsavtaler med Det Norske Misjonsselskap (NMS) med Fokus på Madagaskar.

Tekst: RIGMOR FRØYEN,  
sokneprest i Naustdal

Søndag 2. februar vart det markert i gudstenester begge

stader, med besøk av Benedict Ernest Peter, tilsett i NMS region Bjørgvin.

I Naustdal var det samling med kyrkjekaffi bak i kyrkja, og Benedict fekk høve til å gjere seg kjend og slå av ein prat med fleire. Sjølv om kyrkjelyden går over frå Mali til Madagaskar, betyr det ikkje at vi gløymer Mali. Kyrkja der treng framleis vår omtanke, forbøn og støtte.

Madagaskar har ei lang historie i NMS, og vår lokale kyrkjelyd Vevring, hadde ein utsending då Markus Horne, saman med kona Marie, var misjonærar på Madagaskar, frå 1893 til 1927. Det er også verdt å nemne at i Vevring var det stifta foreining for NMS allereie i 1844, to år etter at NMS vart stifta. Vi støttar ikkje eitt særskilt prosjekt, men kan fokusere på ulike deler av

det mangfaldige arbeidet den gassisk-lutherske kyrkja (FLM) har. Det omfattar diakonalt og sosialt arbeid, kyrkjebygging og arbeid innan klimasmart jordbruk. I Vevring hadde vi basar i kyrkjestova etter misjons-gudstenesta. Det var munter og god basarstemning, medan kaffi, saft og kaker vart servert av konfirmantforeldre. Ein fin dag i kyrkja!



### Førde kyrkjetun

har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barnedåp og bryllaup
- Barneselskap og årsmålsdagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferansar osv.

Ta kontakt for bestilling eller tilbod:

Tlf. 99 15 13 07 eller [ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no](mailto:ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no)



### Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus

Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barnedåp eller konfirmasjon i familien?

Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige.

Vi leiger også ut til ulike organisasjonar, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon 99 27 99 55.

E-post: [kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com](mailto:kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com)

Papirboka er ikkje død!

# Det som tel - eit nytt og godt tilskot til barne- og ungdomslitteraturen

Helg og Heim har vore på boklansering på kyrkjelydshuset i Naustdal. Særleg interessant var det denne gongen, fordi forfattaren for mange vil vere kjend som den daglege leiaren for huset. Jenny Snildal kan både administrere og stille med forkle når det trengs. Men ho har fleire sider og fleire talantar, viser det seg.

Tekst og foto:

ANNBJØRG EIKSUND HESSELBERG

Før vi omtalar boka, treng underteikna litt bakgrunnsinformasjon. Kanskje du også?

## Spanande titlar

Boka i 2024, Det som tel, er hennar tredje. Det er nokre år sidan sist, - tilbake i 2004 gav ho ut den første boka si, Serafel, på Lunde forlag. (Fekk Emmausprisen, ein litterær pris stifta av Norsk Forlegarsamband og Norsk Bokhandlarsamband). Og i 2007 kom den neste boka, Bakanfor, den og på Lunde forlag. - Det slår meg at sjølve boktitlane er egna til å skape forventning: Kva kan vel dette vere? Kan hende vi er her ved nøkkelen til at Jenny engasjerer lesaren. Sjølv om det er lenge sidan førre bok, har ho alltid vore eit skrivande menneske. Sidan midten av 90-talet har ho skrive fortellingar til eit kristent barneblad (Blåveisen, som seinare skifta namn til Blink). Og undervegs har ho også nokre noveller «på samvitet» - som har kome med i antologiar.

- Men Jenny, kva førde deg tilbake til bokskrivinga etter mange år?

## Skriveakademiet

Ho fortel at utdanning, familieliv og yrkesliv i mange år måtte få første prioritet, sjølv om skrivinga aldri heilt låg på hylla.



*Jenny Snildal kan både administrere og stille med forkle når det trengs. No har ho også gitt ut bok.*

Det har vi jo mellom anna hatt glede av i Helg og Heim! Men så kom ho heilt tilfeldig over informasjon om Skriveakademiet og tok først eit gratiskurs for å få inspirasjon og komme i gang. Det gav meirsmak, ho kjøpte eit romankurs slik at ho også vart medlem. Og kven andre vann romankonkurransen for 2024? Kulturrådet har gitt sitt kvalitetsstempel med å ta boka inn i si innkjøpsordning – noko som igjen kan gi Jenny både motivasjon og midlar til å halde fram med å skrive.

Det som tel vert presentert som ei bok for barn og unge (ca. 8 -13). Den har ikkje eit forkynnande siktemål – vil ikkje kallast ei 'kristen' bok - men gjev mykje

stoff til viktig etisk refleksjon. At den er spennande og medrivande kan til og med denne vaksne lesaren skrive under på. To gutar, som på kvar sitt vis er litt utanfor det gode selskap, viklar seg inn i hendingar dei ikkje har kontroll på. Både språk og tankeverd i boka får meg til å tenke: Eg trur Jenny må ha vore inne i hovudet på guten! Ei spennande historie vert rulla opp, med overraskande vendingar og uventa slutt.

Foreldre og lærarar: Daglege opplesingsdrypp og tankeutveksling!

Tanter og onklar og besteforeldre: Gjev gjerne boka som gåve, om du kjenner nokon i målgruppa.

# Song & samhald

Helg og Heim har vore på korøving i Førde og Naustdal for sjå og ikkje minst høyre.

Tekst og foto: HANNE SCHNITLER

Kva gjer at kora får auka oppslutning? Og kva gjer at dei vil vere med år etter år? Ja, kva er det med korsong? Så mykje øving og terping. Kan det vere at kjensla av fellesskap blir sterkare når ein skapar noko saman? Fellesskap og nærleik – utan å måtte finne på noko å snakke om?



*Konsentrasjon må til.*

## På øving med Førde kyrkjekor

Kyrkjedøra er stengt. Skulle det ikkje vere korøving her? Eg ser nokon på veg inn bakkdøra. Og der er dei, kyrkjekoristane. Dei hastar inn, legg frå seg ytterklede, hentar stolar – lalalala – der er oppvarminga i gang. Høgare og høgare tonar, mens nokon ordnar på kjøkenet, hentar fleire stolar, finn fram notearka og finn plassane sine. Kantor Gro Gunnarson er på plass ved pianoet. Eg må finne meg plass i ein kyrkjebenk og ta inn inntrykket av organisert kaos.

Første song skal øvast inn. Litt famling og nøling, kva side på notearket er vi? Gro set dei i gang, og stoppar dei; «Syng ut, pust, lag musikk, lytt til kvarandre!» Som kommandorop kjem instruksane i rask rekkefylje. Klarer dei å henge med? «Irish Blessing» - irsk velsigning – lyd firstemt ut i kyrkjerommet. No kjem det seg. «Amen, amen, amen...» – det er ikkje måte på kor mange gongar dei må terpe for å få rette trykket, styrken og lengda på ord og tonar.

«To God be the Glory» – denne kan dei. Dei senkar skuldrane, ser opp frå notane, og der, DER! - kan eg sjå og høyre songgleda! «Surely goodness and mercy shall follow me...» Kva betyr tekstane for dei, tru? Eg får ikkje spurt, for her går det i eitt.

Det nærmar seg pause. «Berre 10 minutt!» ropar Gro når alle skundar seg bak i kyrkja til frukt og te. Rekk eg å snakke med nokon? Eg finn ei som er ny i koret, dette er andre øving. Men ho må nytte pausen til å få installert ein øvingsapp på telefonen. Ho har vore med i kor før og



*Fornøgde koristar etter vellukka konsert på Førde kulturs*

veit kva ho går til. Ho ser fram til å bli kjent med alle, men det får ta si tid. Eg kaprar to til: Torunn Høstaker starta i koret i haust og stortrivst. Sunisa Barnna har vore med nokre få gongar. Ho kom frå Thailand til Norge i 2009, og strevar litt med språket. Korsong hadde ho ingen erfaring med, men ho elsker musikk. «Eg gløymer alt rundt meg når eg syng i koret! Det er heilt fantastisk!» Det er tydeleg at ho har funne seg til rette i koret.

**Førde kyrkjekor vart oppretta i 1978** av dåverande kantor Knut Tønsberg. Sidan 2003 har Gro Gunnarson vore dirigent. Oppgåva følgjer stillinga som kantor. – Eg skulle gjerne hatt ein pianist med meg. No må eg både spele og dirigere, seier Gro. Ho fortel at koret har eige styre, og fleire oppgåver er fordelt. Men ho har det musikalske ansvaret og vel repertoar. – Eg vil at vi skal syngje ulike sjangrar, kyrkjemusikk, salmar som høver til dei ulike bibeltekstene i kyrkjeåret, folketonar og gospel. Vi står jo i ein samanheng og skal formidle den kristne bodskapen. Og vi skal ha eit program som engasjerer publikum.

– Kvar ligg lista, kva strekkjer de dykk etter?

– Vi har mange dyktige songarar no, og vi har andre med lite erfaring. Saman skal



*Torunn og Sunisa stortrivst i Førde kyrkjekor.*

vi skape magi trass ulike utgangspunkt. Det blir mykje øving, men trivselen aukar når vi får til å lage vakker musikk.

**Rom for songglede?** Gro ropar alle tilbake frå pausen. – Kva øver vi til? Eg høyrer nokon spørje sidemannen. – Kyrkjekoret skal syngje på gudsteneste neste søndag og på konsert i kyrkja same kveld, fortel Gro. – Då kan vi jo ha ein øving mellom dei to? Og neste veke skal vi ha konsert sa-

man med distriktsmusikarane. Det er lurt å øve, desse songane bør de kunne utan å sjå i notane!

Det skal øvast meir. «The Lord is My Shephard», «My Tribute», og til slutt «Down to the river to pray». Etter mykje finsliping er Gro fornøgd.

– Vi har fått eit godt rykte på oss, men det er ikkje berre bra, seier ho. – Det krev jo av oss at vi leverer! Ho får raskt tilsvar: – Vi må jo ha songglede og!



*kule saman med distriktsmusikarane.*



## På korøving i Naustdal

Du kan knapt setje føtene innafør øvinga på Kyrkjelydshuset før nokon ønskjer deg velkommen som potensiell ny songar i kyrkjekoret. Men i kveld er eg ute i anna ærend. Helg og Heim har fått lov til å snuse inn atmosfæren her og formidle den vidare.

Tekst og foto:

ANNBJØRG EIKSUND HESSELBERG

### Oppvarming

Det er inga trøytt forsamling som stiller opp i seks-tida om ettermiddagen til ein times øving. Det vil seie: Kvarteret før klokka slår seks er viktig – for då er det oppvarming, både av kropp og stemme. Ingen kan syngje godt med for mykje spente musklar og stramme stemmeband.

Dirigenten Erlend Os kan dei effektive knepa, og til og med min ganske rustne sopran kan kjenne at det losnar litt. Det gjer det definitivt for dei tretten songarane denne kvelden, fordelt på fire stemmer. Det rår ei lett og optimistisk stemning. Det skader heller ikkje at dei siste året har fått nokre nye songarar i rekkene, og etter det Erlend seier, har dei ikkje innført opptaksstopp. Til orientering: Onsdagar er øvingskveldar.



*John Bjarne Geithus ser fram til øvingane på Mozarts 'Requiem'. Det er sett av øvingshelgar både no i vår og til hausten.*

Så tek dei fatt på nye songar i tillegg til det kjende repertoaret. Eg snik meg til å sjå kormappa til eit av medlemmene. Der finn eg t.d. ein fin Lina-Sandell-song med frisk melodi i firstemt sats av Sigvald Tveit: 'Jag vil sjunga en sång' og dāpssalmen 'For augo våre faldar ein skapardraum seg ut'. Nytt dette året er 'Ubi Caritas' og 'Cantata'- og så det litt større fellesprosjektet med Førde kyrkjekor: Mozarts 'Requiem'. Ein allsidig og inspirerande dirigent får koret med på både tradisjonelt og nyskapt

kor-materiale, gjerne kombinert med piano og eit kyrkjeorgel i full utfolding.

### Kvar får vi høyre desse songane?

Naustdal kyrkjekor deltek på ei rekke gudstenester gjennom året, der dei opptrer med eigne songar og styrker salmesongen i kyrkjelyden. Dessutan innbyr dei til konsertar, gjerne saman med andre songarar og musikarar – og ikkje minst: Det populære barnekolet.

# Barnekoeret trivst i kyrkja

Når ein livleg gjeng på vel 20 barn (1.- 4. klasse) samlast for å synge og leike, er det forventning i lufta – på trappa er det stor iver etter å komme inn i kyrkja. Dei som sette opp skiltet over døra frå våpenhuset til kyrkjerommet hadde neppe sett for seg denne flokken, men dei ville ha glede seg over at nye generasjonar kjenner seg heime i huset!

Tekst og foto:

ANNBJØRG EIKSUND HESSELBERG



*Kyrkjerommet blir fylt med song!*

Kyrkjelydspedagog Silje Sørebo og organist Erlend Os er godt førebudde. Dei har vore i kyrkja på førehand, sett fram stolar og bestemt plassering. Deretter ein tur til SFO på skulen for å hente dei som er medlemmar i koret. Dei faste og trygge rammene er viktige når livsglede og songglede skal falde seg ut innanfor dei gamle veggane.

Inne opplever vi ein god kombinasjon av musikalsk og

pedagogisk innsats. Energivået er høgt i flokken, songen ljomar og rørslele understrekar innhaldet. Ein halvtime med intens innsats frå store og små går fort. Erlend brukar pianoet for alt det er verd, og Silje står ikkje tilbake for nokon TenSing-dirigent. Det er fokus og konsentrasjon.

Til tonane av den glade songen 'Gloria' kan eg liste meg ut.

Etterpå vekslar eg nokre ord med Silje og Erlend. Dei kan fortelje at koret er innmeldt i KFUK/M, men songstoffet hentar dei frå mange

kjelder. Koret har gjennom hausten vorte stadig meir populært og samla fleire. Det er viktig å finne dei songane som fenger. Så trengs det ein god plan og stødig leiing, og det er godt å vere to om jobben. Det hadde ikkje gjort noko med fleire vaksne leiarar, seier Silje. - Dei må i så fall ha høgt energinivå og god toleranse for lyd og livsutfalding, tenkjer Helg og Heim sin utsende medarbeidar. Takk for innsatsen de gjer - og for ei fin oppleving i Naustdal kyrkje!



*Erlend og Silje er godt førebudde.*



*Dei som sette opp dette skiltet hadde neppe sett for seg ein vilter flokk.*

# Gospelkoret har starta opp!

Eg skal på korøving til eit nystarta gospelkor i Førde. Planen var å være litt i bakgrunnen og sjå og høyre kva som går føre seg, kanskje få stilt nokre spørsmål og ta bilde.

Tekst og foto: HANNE SCHNITLER

Men nei. Johanne Tingnes Leira, prosjektleiar i Kraft, fortel at fleire er sjuke i dag. – Då må du vere med å syngje! Alt eller sopran?

Inne på øvingsrommet står Lars Inge Stautland klar med keyboard og noteark. Straks er vi i gang med bøy og strekk, tunggymnastikk og anna oppvarming. – Har de hugsa vatn? Det er lurt å ha med. Lars Inge har funne fram nokre songar frå Oslo Gospelkor som han meiner er lette å lære. Det er trass alt berre tredje øving for det nystarta koret. Eg prøver å henge med på altstemma på første song. Lars Inge ber oss sjå på notane, forklarar ulike teikn, kvar vi skal puste inn, og kor lenge vi skal halde på tonane. Ikkje alle



Lars Inge Stautland speler og dirigerar.



har like mykje korerfaring. Vi held fram med fleire songar, og «Shine your light» var heldigvis ikkje heilt ukjend. Om vi ikkje er mange, får vi det til, fleirstemt og med eit snev av gospelrytme. Etter ein times øving tar vi pause.

– Har koret eit namn? – Kraft Gospel, enn så lenge, seier Johanne. – Vi må få på plass eit styre som kan bestemme slike ting. Då kan vi òg begynne å planlegge kva vi skal øve mot og delta på.

– Ja, tenkjer de å halde konsertar? – Vi kan vere med på Kultur natt, og på gudstenester sjølv sagt! Forslaga kjem raskt rundt bordet. – Kanskje gjere noko saman med Deciding? – Og vi må på turné! I Sunnfjord, eller kanskje til Sør-Statane? Det er lov å drøyme. Lars Inge tenkjer det kan vere mogleg å få til noko i samarbeid med andre kor. Han har kontaktar i musikkmiljøa rundt om. Men først må dei få fleire med. Og få øvd litt meir. Bli godt kjende med kvarandre og bli ein trygg gjeng.

– Målgruppa er 18 – 40 år., elles har vi ingen opptakskrav, seier Johanne. – Nja, ein bør

ikkje vere heilt tonedøv, seier Lars Inge.

– Korleis har dei rekruttert til koret? Johanne fortel at ho har vore på Førde Vgs, hengt opp plakatar på Høgskulen og nytta sosiale medium for å informere om kortilbodet. Før jul vart alle interesserte invitert til ein uformell samling på Førde kyrkjetun for å finne ut om det var liv laga å starte opp eit kor. Og no er dei i gang.

– Vi har ein instagramkonto, kraft.ung, der legg vi ut informasjon om koret og andre tilbod vi er i gang med. Vi har ei kunstgruppa annankvar onsdag for ungdomar, der vi et suppe og malar eller teiknar.

Vi har ei bibelgruppe også, men den har ikkje heilt ein fast dag endå. Så har vi leiartrening gjennom NMSU sitt «Followme»-program på torsdagar for ungdom mellom 15-25 år.

– Kom på gospelgudsteneste i Førde kyrkje 27. april kl. 19.00! Då skal vi vere saman med Sunnfjord Folkehøgskule, og då skal vi klare å lage gospelstemning!

Vi held fram med øving etter pausen. Siste song er på norsk; Velsigninga. Vi skal halde ein tone over mange taktar, det var ikkje lett. Men det blei ei vakker velsigning som omslutta oss til slutt.

## Trening for alle!

Vi har eit stort og breidt treningstilbod til godt vaksne og seniorar! Du får gratis prøveveke. Møt oss i resepsjonen vår, 3. etasje på ALTI. Eller ta kontakt på telefon: **57 82 31 32**. Sjå vår nettside: [pulsforde.no](http://pulsforde.no)



**PULS FØRDE**

– Kom som du er!

ALT I ● SPORTSKLEDE  
● SPORTSUTSTYR  
● BARNEUTSTYR

Erdal Sport  
**INTERSPORT**  
Førde

**Blomsterfryd**

Elvetorget, Førde  
Tlf. 57 82 17 05  
blomsterfryd.forde@interflora.no

*Reiakvam*

- Din fotograf i Førde sidan 1946  
57 82 19 77 / foto@reiakvam.no  
reiakvam.no

Gode tilbud på flis, beleggingsstein, ferdigplen, støttemur, kvit singel. Vi kan flislegging!

**Boligkompaniet**  
www.boligkompaniet.com  
tlf. 906 19 654



WIKING Mini 2  
Vi leverer og monterer

ATLE **an**  
NAUSTDAL  
Naustdalsvegen 5, Førde  
Tlf. 57 82 13 76  
**VARMEFAG**



**Naustdal**  
Dampbakeri

KVALITET  
GJENNOM  
GENERASJONAR

☎ 57 72 41 40  
dampbakeriet.no



**Finn din nye bustad hos oss!**

Moderne og lettstelte leilegheiter.  
Kom gjerne innom oss for ein prat, Halbrend søyra 2 i Førde.  
www.gravdal.no - tlf. 47 87 40 00



**Gravdal**gruppa



MALER RUNE  
**SKILBREI**  
MALING · TAPET · GOLVBELEGG · FLISER

Følg oss!  
fb.me/malerskilbrei  
skilbreibutikken

Skal du bygge heilt nytt, eller fornye litt?  
Vi har utvalet! **Velkommen innom Skilbreibutikken i Naustdal!**

*Gravminne  
finn du hos oss*



**FAGMILJØ**

Firdavegen 20, 6800 Førde, tlf. 57 72 10 60



NORDIC ATMOSPHERE

Drømmer du om et  
**NYTT KJØKKEN?**

Hos HTH i Førde vet vi at kjøkkenet er husets hjerte, hvor familie og venner samles til god mat og hyggestunder. Den gode maten og det hyggelige selskapet står du for, mens vi hjelper med å designe det.



HTH Sunnfjord Kjøkkenforum AS  
Naustdalsvegen 5  
6800 Førde, tlf. 57 82 66 10  
e-post: info@forde.hth.no



Fra inspirasjon til installasjon  
– vi hjelper deg hele veien!

**ILDSTEDET**  
er en faghandel med lang erfaring innen varme. Vi gir deg profesjonell veiledning om valg av peis-ovn, riktig plassering og pipe.

Naustdalsv. 5, 6800 Førde  
Tlf. 966 10 100  
post@ildstedet-sunnfjord.no



**EXTRA**

NAUSTDAL



**Best**

NAUSTDAL

## DET SKJER

### 10-kaffi på Førde kyrkjetun

Kvar onsdag frå kl. 10.00 kan du kjøpe deg kaffi og vaflar i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun.

### Førde kyrkjekor

Øving i Førde kyrkje **onsdagar kl. 19.00.** Vil du vere med? Kontakt dirigent Gro Gunnarson.

### Kraft Gospelkor

Nystarta kor for alle frå 18-40! Øving kvar **måndag kl. 19.00** i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun.

### Kraft Kunstgruppe

for ungdom. **Annankvar onsdag** møtast vi til måltid, maling og teikning. Vi jobbar med valfrie prosjekt. Påmelding til Johanne Thingnes Leira på sms til 45 88 65 47.

### Kraft Leiartrening

for ungdom 15-25 år. **Torsdagar på Førde kyrkjetun.** Kontakt Johanne Thingnes Leira (45 88 65 47).

### Tidebøn i Naustdal kyrkje

Velkomen til ei stille stund med lys-tenning, salmesong og veksellesing. Tidspunkt finn du i gudstenestelista.

### Kyrkja i byen

Kvar **torsdag frå kl. 13.30 – 15.30**, er vi på «Storebrua» mellom handelshusa i Førde, klar til ein prat. Velkomen!

### Strikketreff

Bli med å strikke tepper for «Ull og om-tanke – Sunnfjord». Ta med matpakke, så et vi lunsj i lag. **Annankvar måndag kl. 11.00 – 14.00 på Førde kyrkjetun 10. og 24. mars, 7. og 28. april, 12. og 26. mai.**

### Tid for tru i fastetida

Kyrkjelydane i Sunnfjord samarbeider om fire temakvelder fram mot påske; med tema, kaffi/te og noko å bite i, og kveldsmesse kl. 20.00.

### Torsdag 13. mars i Helgheim kyrkje kl.

**19.00:** Tema: «Det er ei tid for alt som hender under himmelen». – Om tider og tidene ved prest Frode Skeide.

### Torsdag 20. mars i Sande kyrkje kl.

**19.00:** Tema: «Ørkenvandring» – Når livet og trua vert prøvd, kan vi hente noko frå ørkenforteljingane i Bibelen? Ved prest Rigmor Frøyen.

### Torsdag 27. mars i Naustdal kyrkje kl.

**19.00:** «Langfredag» – Var det nødvendig? Ved prest Jorun Knapstad.

### Torsdag 3. april i Førde kyrkje kl.

**19.00:** «Se vi går opp til Jerusalem» - på Davids tid, på Jesu tid og i dag. Ved prest Geir Sørebø.

### Årsmøte for NMS Sunnfjord

**Torsdag 10. april kl. 17.00** på Kyrkjelydshuset i Naustdal  
Middag og kaffi, årsmøtesaker og kveldssamling. Påmelding ei veke før pga. matbestilling (kr. 200,-) til Stein Oltedal, tlf. 970 08 600.

### Konsertar

**Torsdag 20. mars kl. 19.00 :**

«Kor- og korps-konsert» i Førde kyrkje. Førde musikklag v/dirigent Arvid Anthun og Førde kyrkjekor v/ dirigent Gro Gunnarson byr på flott kor og korpsmusikk, alt frå det vare til det storslåtte. Fri entré, men høve til å gi ei gåve til det kyrkjemusikalske arbeidet. Velkommen!

### Fredskonsert

**Torsdag 8. mai kl. 18.00** i Førde kyrkje i samband med at det er 80 år sidan frigjeringa. Variert program. Musikalsk ansvarleg kantor Gro Gunnarson.

W.A.MOZART:

### «Requiem»

**Laurdag 25. oktober kl. 18.00:**

### Bli med og syng!

Førde kyrkjekor og Naustdal kyrkjekor inviterer til Mozarts «Requiem»-konsert i Førde kyrkje laurdag 25. oktober kl. 18.00, og i Florø kyrkje søndag.

Det er første gong kyrkjekora samarbeidar om eit klassisk storverk og me gler oss. Verket blir framført med kantor Erlend Os på orgel og dirigent er kantor Gro Gunnarson.

**Det høve for andre å vere med i koret!** Ta kontakt på e-post: [gro.gunnarson@sunnfjordkyrkja.no](mailto:gro.gunnarson@sunnfjordkyrkja.no) eller mobil 958 68 160.

TRENG DU  
NOKON Å FORTELJE  
DET TIL?

KIRKENS  
SOS

22 40 00 40

 **FØRDE**  
GJESTEHUS  
OG CAMPING

[www.fordecamping.com](http://www.fordecamping.com) ☎ 468 06 000 • Kronborgvegen 44



- møblar
- belysning
- gardiner
- utemøblar
- solskjerming

## MARIAS HUS

nordisk design · interiør · møblar


Tlf. 478 39 411  
Ange dalsv. 4, Førde (Hukseth-huset)  
[post@mariahus.no](mailto:post@mariahus.no) | //mariahus.no



NORDISK KJØKKENDESIGN



Hafstadv. 34 (Bergegården)  
6800 Førde - tlf. 913 11 837  
[ms@jke-forde.no](mailto:ms@jke-forde.no)



# Trusopplæring

For meir informasjon sjå [www.kirken.no/sunnfjord](http://www.kirken.no/sunnfjord), eller last ned appene **MinMenighetsportal** og **I kirken**. Følg også med på facebookssidene til Førde kyrkje og Naustdal kyrkje. Vi minner om at aktivitetane og tiltaka våre er opne for alle. Ein treng ikkje vere medlem av Den norske kyrkje.

## STØRST AV ALT

### Trusopplæring i Førde sokn:

**0 - 1 ÅR: Spiren/Babysong**  
Kvar onsdag kl. 11.00 i 2. etg. på Førde Kyrkjjetun. For barn 0 - 1 år, men eldre barn kan også delta. Ta med matpakke! Vi serverer te/kaffi. Spiren har siste samling 28. mai.

### 1 - 3 ÅR: Krøllesamling

Song og formidling  
kvar onsdag kl. 17.30  
på Førde Kyrkjjetun.  
Krølle har siste samling 28. mai.



7 - 10 ÅR:

### Vakuumdagar

12. - 15. august. Vi inviterer barna til ei aktivitetsveke. Meir informasjon kjem i april. Sjå heimesida til Førde kyrkje. Påmelding på nettside: <https://minkirkeside.no/Sunnfjord>

### 8 ÅR: Tårnagenthelg

Laurdag 26. og søndag 27. april. Vi startar med lunsj laurdag kl. 11.00 og fortset med aktivitetar i kyrkja fram til kl. 14.00. Barna skal vere agentar for helga, og får agent-buff og agentbevis. Barna får invitasjon i posten.



Påmelding på nettside: <https://minkirkeside.no/Sunnfjord>



### 9 ÅR: Agent for skaparverket

Søndag 11. mai. Vi startar med gudsteneste kl. 11.00. Etter gudstenesta reiser vi på oppdrag for naturen vår. Barna får invitasjon i posten.

Påmelding på nettside: <https://minkirkeside.no/Sunnfjord>

### Korskulen i Førde

Korskulen har tre kor, og alle øver i Førde kyrkje kvar tysdag:

**Knøttekoret** ca. 3,5 år til ca. 5 år:  
Kl. 17.20 - 18.00

**Aspirantkoret** ca. 6 år - 2. klasse:  
Kl. 18.05 - 18.50

**Barnekoret** 3. klasse og oppover:  
Kl. 18.55 - 20.00

Har du lyst å bli med? Kontakt dirigent Gro Gunnarson, eller sjekk Facebooksida «Korskulen i Førde kyrkje».

Kontingent per semester: kr. 200.

### Trusopplæring i Naustdal og Vevring

#### Babysong

Annankvar onsdag i partalsveker kl. 11.15 til 12.30 på Naustdal kyrkje-lydshus.



#### Naustdal barnekor

Kvar onsdag frå 13.15-13.45 er det øving for 1 - 4. klasse. Ved Silje Sørebo og Erlend Os.

#### Lys vaken-leir

29. - 30. mars: Lys Vaken-leir i Naustdal kyrkje med innbyding til 5. og 6. klassingar. Lys vaken for Gud og kvarandre, for rettferd og skaparverk. Ulike aktivitetar å velje i. Samling i kyrkja og overnatting for dei som vil. Måltid og fellesskap. Brev kjem med invitasjon.

#### Palmesøndag: Påskeverkstad for små og store

Etter familiegudstenesta i Naustdal kyrkje kl. 11.00 blir det påskeverkstad på kyrkjelydshuset. Her kan de lage påskepynt og kose dykk saman. Kyrkjekaffi, saft og kaker vert det også.

**FARSUND FLIS**  
flis for alle

Kvalitet - Kompetanse -  
God service

Nytt, stort lokale  
på Sanderplassen 10 i Førde.

Kom gjerne innom og  
sjå vårt store utval.



**arnes**  
frisørhjørne

Timebestilling  
Drop-in

Tlf. 57 82 62 35  
Langebruvegen 19  
6800 Førde

**RIKKE**

Langebruv. 26 (v/Domus)  
Førde  
Tlf. 472 56 398  
eller 578 21 340

KUNSTNARMATERIELL  
INNRAMMING  
BILDE



#### Velkomen til oss!

Elvevegen 1, Førde  
(ved Kunstmuseet)

Alle dagar  
utanom torsdag . . . . . 11-15  
Torsdag . . . . . 11-17

Tlf. 404 33 220

MILJØ MØTEPlass MISJON

# GUDSTENESTER

Her er oversikt over planlagde gudstener. Det kan komme endringar grunna bemanningssituasjonen. Følg med i Firda «Det skjer», [www.kyrkja.no/sunnfjord](http://www.kyrkja.no/sunnfjord), eller kontakt kyrkjekontora. **Velkomen til kyrkje!**

## TORS DAG 13. MARS

Helgheim kyrkje 19.00 Bibeltimar i fastetida.

## SØNDAG 16. MARS

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste. Årsmøte for Naustdal sokn.  
Haukedalen kyrkje 15.00 Gudsteneste

## ONSDAG 19. MARS

Naustdal kyrkje 11.00 Tidebøn

## TORS DAG 20. MARS

Sande kyrkje 19.00 Bibeltimar i fastetida.

## SØNDAG 23. MARS

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Vevring kyrkje 15.00 Gudsteneste

## TORS DAG 27. MARS

Naustdal kyrkje 19.00 Bibeltimar i fastetida.

## SØNDAG 30. MARS

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste. Årsmøte for Førde sokn.  
Naustdal kyrkje 11.00 Familiegudsteneste med Lys Vaken

## ONSDAG 2. APRIL

Naustdal kyrkje 11.00 Tidebøn

## TORS DAG 3. APRIL

Førde kyrkje 19.00 Bibeltimar i fastetida.

## SØNDAG 6. APRIL

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste og Fasteaksjon. Kyrkjekaffi på Førde kyrkjetun.  
Holsen kyrkje 15.00 Gudsteneste

## SØNDAG 13. APRIL PALMESØNDAG

Naustdal kyrkje 11.00 Felles familiegudsteneste for alle sokna.

## ONSDAG 16. APRIL

Naustdal kyrkje 11.00 Tidebøn

## TORS DAG 17. APRIL SKJÆRTORS DAG

Holsen kyrkje 11.00 Påskekudsteneste  
Førde kyrkje 19.00 Gudsteneste  
Vevring kyrkje 19.00 Gudsteneste med kveldsmat.

## FREDAG 18. APRIL LANGFREDAG

Naustdal kyrkje 11.00 Pasjonsgudsteneste  
Førde kyrkje 11.00 Pasjonsgudsteneste

## SØNDAG 20. APRIL PÅSKEDAG

Førde kyrkje 11.00 Høgtidsgudsteneste  
Naustdal kyrkje 11.00 Høgtidsgudsteneste  
Vevring kyrkje 15.00 Høgtidsgudsteneste  
Haukedalen kyrkje 15.00 Høgtidsgudsteneste

## ONSDAG 23. APRIL

Naustdal kyrkje 19.00 Samtalegudsteneste med konfirmantane

## SØNDAG 27. APRIL

Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste  
Førde kyrkje 19.00 Påfyll – gospelgudsteneste

## ONSDAG 30. APRIL

Naustdal kyrkje 11.00 Tidebøn

## SØNDAG 4. MAI

Førde kyrkje 10.00 Konfirmasjonsgudsteneste  
Vevring kyrkje 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste  
Førde kyrkje 12.00 Konfirmasjonsgudsteneste

## LAUR DAG 10. MAI

Førde kyrkje 10.00 Konfirmasjonsgudsteneste  
Førde kyrkje 12.00 Konfirmasjonsgudsteneste

## SØNDAG 11. MAI

Naustdal kyrkje 10.00 Konfirmasjonsgudsteneste  
Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste  
Holsen kyrkje 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste  
Naustdal kyrkje 12.00 Konfirmasjonsgudsteneste

## ONSDAG 14. MAI

Naustdal kyrkje 11.00 Tidebøn

## LAUR DAG 17. MAI

Førde kyrkje 09.45 Gudsteneste  
Naustdal kyrkje 10.30 Gudsteneste  
Haukedalen kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Holsen kyrkje 12.15 Gudsteneste  
Vevring kyrkje 12.30 Familiegudsteneste

## SØNDAG 25. MAI

Førde kyrkje 10.00 Konfirmasjonsgudsteneste  
Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Førde kyrkje 12.00 Konfirmasjonsgudsteneste

## ONSDAG 28. MAI

Naustdal kyrkje 11.00 Tidebøn

## TORS DAG 29. MAI

### KRISTI HIMMELFARTSDAG

Førde kyrkje 10.00 Konfirmasjonsgudsteneste  
Haukedalen kyrkje 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste  
Førde kyrkje 12.00 Konfirmasjonsgudsteneste



## FASTEAKSJONEN 2025

### Håp i ei dråpe vatn!


Den årlege innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp er **søndag 6. april**. Aksjonsdagen startar med gudsteneste med fasteaksjonsfokus i Førde kyrkje og kyrkjekaffi for alle på Førde kyrkjetun, før konfirmantane går frå dør til dør med bøsser. **I Naustdal og Vevring** er det óg Fasteaksjon **søndag 6. april**.

Du kan støtte aksjonen med **VIPPS 2426**, med **SM: VANN** til 2426 (kr. 300,-) eller til Fasteaksjonen sin konto **1594 22 87493**.

I 2024 samla konfirmantane i våre sokn inn totalt kr. 153 580,-. Desse pengane har gått til å skaffe reint vatn der det er tørke, flaum, krig eller konflikt. Klarar dei å samle inn like mykje i år?

## Besøkstenesta i Førde sokn

Har du tid og lyst til å vere med å ha ei meningsfull oppgave? Nokre personar er allereie med i besøkstenesta i Førde, men det er plass til fleire. Diakon Anita Øvreås Rusken har ansvaret for tilbodet. Dei som er nye får rettleiing, informasjon om teieplikt, skriftleg avtale og tilbod om oppfølging. Anita er med på det første heimebesøket.



## GRAVFERDER

### FØRDE KYRKJE

29.10	Egil Jan Solheim	f.1946
05.11	Audny Olga Nigardsøy	f.1938
12.11	Gry Renate Muledal	f.1977
	Dagfinn Kalvøy	f.1954
05.12	Gunnar Haveland	f.1931
06.12	Reidun Magnhild Lundal	f.1937
12.12	Målfrid Jorunn Sørebo	f.1935
13.12	Ståle Loftheim	f.1932
	Elsa Hundvebakke	f.1938
17.12	Konrad Hvidsten	f.1945
20.12	Jarle Ervik	f.1948
02.01	Robin Gunnar Kirkhorn	f.1947
	Else Amy Vie	f.1931
03.01	Øyvind Alfred Hartveit	f.1938
07.01	Magne Skrede	f.1933
09.01	Oddny Helgheim Tennefoss	f.1939
10.01	Berit Olava Eikeset	f.1937
14.01	Arne Varden	f.1963
24.01	Odd Grimeland	f.1934
31.01	Harald Sandvik	f.1939
04.02	Jenny Refsdal	f.1932

### HOLSEN KYRKJE

05.11	Sigfrid Holsen	f.1934
22.11	Bjarne Nydal	f.1940
06.12	Magnhild Hansen	f.1933

### NAUSTDAL KYRKJE

15.11	Anne-Karin Stubhaug	f.1958
03.12	Ruth Grimset	f.1944
13.12	Ivan Alver Isaksen	f.1936

### VEVRING KYRKJE

17.01	Geir Kalstad	f.1956
-------	--------------	--------

## DØYPTTE

### FØRDE KYRKJE

26. OKTOBER  
Nomi Kirkebø Vie  
Nora Endresen  
Vilde Aalhus Olset  
Malene Endresen  
Frida Solsvik  
Liam Ness Hetle  
Kim Hauge Atterås

27. OKTOBER  
Alette Bergvatn Solend

3. NOVEMBER  
Aslak Larsen

17. NOVEMBER  
Emma Akse Erle  
Henrik Rasmussen Førde

24. NOVEMBER  
Håvard Fonn Macsik  
Marie Haaland Hilding

1. DESEMBER  
Emil Stølen Grimeland

8. DESEMBER  
Oliver Sigdestad Ljotebo  
Leo Olset Muri

15. DESEMBER  
Mateo Rørstadbotnen Hanssen

29. DESEMBER  
Mathias Øen Gjesdal  
Leo Laugerud Erikstad  
Eira Aven Høstaker  
Selma Holsen-Hegrenes  
Ludvig Nesheim Ness  
Tomine Dvergsdal Falkenstein

5. JANUAR  
Johannes Kvernevik Øvrebotten

12. JANUAR  
Håkon Kapstad Vedå

26. JANUAR  
Viljar Slåtten

NAUSTDAL KYRKJE  
6. OKTOBER  
Olava Grimstad Kringlen  
Rakel Grimstad Kringlen

3. NOVEMBER  
Lukas Fauske Sørebo

19. JANUAR  
Sondre Solheim  
Sonja Alisøy

2. FEBRUAR  
Hennie Herstad Almelid  
Ylva Birkelid Laberg

### INSTEDALEN SKULE

24. NOVEMBER  
Nelle Eikås Stuhaug

## VIGDE

### FØRDE KYRKJE

26. OKTOBER  
Diana Ness og Roy Arve Hetle

8. NOVEMBER  
Martine Hauståker og Eirik Flatjord

26. JANUAR  
Astrid Haugland Flisram og  
Anders Fagerstøm Slåtten



## DET SKJER I PÅSKA

### PALMESØNDAG

KL. 11.00 er det fellesgudsteneste for kyrkjelydane i Førde, Holsen/Haukedalen, Naustdal og Vevring i Naustdal kyrkje. Etter gudstenesta er det påskeverkstad og kyrkjekaffi på kyrkjelydshuset. Velkommen!

### SKJÆRTORS DAG

Vevring kyrkje:  
Etter gudsteneste kl. 19.00, vert det kveldsmat i kyrkjestova.

### FØRSTE PÅSKEDAG

Påkehøgtid og påskeplask i Naustdal: Alle konfirmanntar er særleg invitert både til kyrkje og årets (kanskje) første bad. Prest Fredrik er forplikta på å bade. Bålpanne med grilling og kyrkjekaffi.



**Returadresse**  
Førde kyrkjekontor  
Kyrkjevegen 23F  
6809 FØRDE

# På leit etter forsvunne kyrkjesølv

Alvorleg hending i Naustdal kyrkje. Fjernkontrollen til kyrkjeklokkene og noko av kyrkjesølv er forsvunne.

Tekst: JENNY ØDVEN  
SNILDAL

Silje, kyrkjelydspedagogen i Naustdal, har gitt 16 tårnagentar i oppdrag å finne det. For å kunne løyse eit slikt viktig oppdrag må ein førebu seg. Som eit ledd i førebuinga måtte agentane øve seg på samarbeid. Dei vart delt inn i grupper der dei skulle sjå kven som kunne bygge det høgste

tårnet av eingongskoppar. Oppdraget løyste dei med glans.

Elles fekk agentane utforske kyrkja. Dei var oppe i tårnet der dei fekk sjå kyrkjeklokkene, og dei fekk ein tur under kyrkjegolv. Der såg dei mellom anna murane frå den gamle kyrkja som har stått der før. Og jammen fann dei både fjernkontroll og kyrkjesølv der nede.

Agentane fekk sjå på gammalt sølv som var

innelåst i ein safe, og dei fekk lære litt om gamle og verdifulle skattar.

Den mest verdifulle skatten i Naustdal? Den såg dei i ein spegel bak alteret.

Det siste oppdraget var å førebu seg til gudstenesta dagen etter. Agentane var med og dramatiserte bibelteksten om Jesus som 12-åring i kyrkja. Dette var eit oppdrag som vart utført med stort engasjement.



Agent Linnea klar for oppdrag. Foto: Jenny Ødven Snildal



Siste oppdrag: dramatisering!  
Foto: Hege Merete Smådal

## KYRKJESKYSS FØRDE KYRKJE

Det er ikkje avklart om det blir kyrkjeskyss til alle gudstenester framover.

Forinformasjon kontakt kyrkje-kontoret måndag-fredag tlf. 57 82 81 80, eller diakon Anita Øvreås Rusken tlf. 900 68 514.

16. mars  
Oddbjørg Espeset  
tlf. 905 93 295

13. april Palmesøndag,  
Naustdal kyrkje  
Ingvild og Harald Eikenes  
tlf. 993 65 322/913 88 644

20. april Påskedag  
Oddbjørg Espeset  
tlf. 905 93 295

27. april  
Per Ingolf Nygård  
tlf. 918 19 561

17. mai kl. 09.45  
Ingvild og Harald Eikenes  
tlf. 993 65 322/913 88 644